

370 fotballspelarar i Rosendal og Uskedalen

23.11.2014



Gutar 1998/1999 med Marius, Sondre og Torstein Myklebust samt Kjartan Tungesvik og Emil Bakke Berntsen. Ragnvald Myklebust har vore trenar

**-Dere er fantastiske og det er ei oppleving å trene med dere!
Trenar Ragnvald Myklebust ga dei 18 gutane født i 1998 og 1999 denne attesten under fotballfesten i Samfunnshuset som runda av sesongen til Rosendal Turn i ettermiddag. Han hadde grunn til å vera stolt av laget, også fordi 5 var frå Uskedalen. Den siste opptellinga syner at det no er 16 frå vår bygd som spelar på Rosendal Turn. Her er det 70 aktive spelarar i UIL medan talet i Rosendal er 300. Det er grunn til å vera imponert over ein slik oppslutnad..**



Trenar Kjell Erik Taranger med 3 av dei 6 frå Uskedalen i 2000-laget: Ingar Eik Høvik, Torstein T. Myklebust og Jacob Soltveit Taranger Gutelaget som vi starta med har hatt med Marius, Sondre og Torstein Myklebust, Kjartan Tungesvik og Emil, Bakke Berntsen og dei har hatt ein svært god sesong med laget. Dei har vore med på fleire cupar og sett seg i respekt - til dømes ved å nå semifinalen i Zinken Cup og vinna Trio Cup. I Norway Cup stilte dei 2 lag. Det eine vant pulja dei spela i og begge

kom til A-sluttspillet der det eine nådde kvartfinalen. Men den største prestasjonen var å bli seriemeister.



Hanne Hauge, Ingebjørg og Solveig Bjørnebøle frå laget 2000/2001

Laget med gitar fødd i 2000 hadde med 6 frå Uskedalen. Dei var Mats Løland Eik, Ingar Eik Høvik, Joakim Ljosnes Myklebust, Torstein T. Myklebust, Jonas Ridzeviciene og Jacob Soltveit Taranger. Kjell Erik Taranger har vore trenar. Laget nådde høgdepunktet i Norway Cup ved å bli puljevinnar etter spennande og gode kampar.



På2001-laget har Jaran Jensen Eide, Harald Lekva og Sander Myklebust spela

I laget for gitar fødd i 2001 finn vi uskedelingane Jaran Jensen Eide, Sander Myklebust og Harald Lekva og dette laget spelte mange gode kampar i 1. divisjon denne hausten. I Norway Cup nådde også dette A-sluttspel men tapte for eit fransk lag som vann.

På jentesida har det vore med 4 uskedelingar i laget for dei som vart fødde i 2000 og 2001. Stine Soldal, Ingebjørg Bjørnebøle, Emilie Bringedal og Hanne Hauge er å finna på dette nystarta laget som ikkje har vore i serien førebels. Men dei blir karakterisert som ein utruleg positiv gjeng.

Merete Myklebust har vore med i laget 1998/1999, som vart nummer 3 i serien og nådde kvartfinalen i B-sluttspølet i Norway Cup.

Tomek Charkiewicz har spela på laget for gutane fødd i 2001 og dermed skulle uskedelingane vera summert opp.med unnatak av dommarsida: Jaran Eide har vore dommar og gjennomgått kurs.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen